
Bergensposten.

Innhold

Fra redaktøren	2
Einar Offerdahl: Barneår i Vestlandets hovudstad	3
Bjørn Davidsen: Krigsfotografen Ole Friele Backer.....	23
Yngve Nedrebø: Svidal bru in memoriam.....	47
Bjørn Davidsen: Holsundets julespesial	55

Fra redaktøren:

Einar Offerdahl har levert en rekke bidrag til Bergensposten opp gjennom årene, og i dette nummeret forteller han om sine barneår i Bergen med lek og etter hvert skolegang.

Bjørn Davidsen har samlet stoff om krigsfotografen Ole Friele Backer, mannen som tok et stort antall av de ikoniske bildene fra konvoifart, invasjonen i Normandie, frigjøringen av Øst-Finnmark og Sørøyekspedisjonen.

I slutten av juli utløste et voldsomt regnvær ras og flom i blant annet Jølster. Gamle elveløp svulmet opp og drog med seg masser som etterhvert tettet vannløpene, og dermed gikk vannet løs på broer og andre omgivelser. Blant broene som ble tatt var den gamle Svidals bro, et kulturminne og en perle. Den minnes vi i dette nummeret.

Bjørn Davidsen har årvisst skaffet fram kakeoppskrifter som kan knyttes til julemn. Han svikter heller ikke i år, og har nå levert oppskriften på «Holsundet julespesial», en velsmakende blanding av fyrstekake og eplekake.

Vi pryder omslaget med motivet fra et julekort fra 1942. Vi ønsker leserne en riktig god jul, og et godt nytt år.

Yngve Nedrebø

Barneår i Vestlandets hovudstad

NÅR VÅR ALDERS ÅR tek på å gjere seg gjeldande, søker gjerne tankane tilbake til barndomsdagane – til den gode tida då kroppen ikkje protesterte mot viljens bod, som no den gjer. Den gongen var det sprett og hopp og tjo og hei heile dagen lang, sansane var på sitt skarpaste, og vi var nyfikne og opne for inntrykk i ein grad som vi i meir framskriden alder sjeldan lever opp til. Utruleg mykje av det vi opplevde som barn, hugsar vi framleis, sjølv om vi no kanskje av til har problem med korttidsminnet. Derfor vil den som har sans for utvikling og samanheng i livet sitt, kunne gjere seg mange interessante tankar når han ser desse fjerne åra i retrospekt - år som på dei fleste område skil seg sterkt ut frå den tid vi no lever i.

På godt og vondt – gløym ikkje dét!

Den perioden bror min og eg var småbarn, fell saman med den harde tidbolken då landet vårt var hærteke av tyskarane. Det var ei ekstremt utrygg tid både for vaksne og barn. Eg kan for eksempel nemne at mor ein gong var ute og trilla oss i barnevogna på ein stad der det var langt til næraste tilfluktsrom. Brått gjekk flyalarmen, og flya sveipte over byen i låg høgde. Då la mor seg ut over barnevogna for å beskytte oss. Ho ville verne oss. Med sin eigen kropp. Dét var morskjærleik, dét!



«Tre år

Inngangspartiet til barndomsheimen vår er avgrensa på to sider av husets langvegg og nabohusets tilbygg. Frå tilbygget fortsetter eit sprinkelgjerde av jern (eit traleverk) fram mot fortauet. Eit tilsvarande gjerde, med spyd på toppen og dobbelt port, knytte huset vårt saman med grensegjerdet mot nabotomta. Dette arealet kalla vi «framplassen» eller berre «plassen». Framplassen var skilt frå «bakplassen» med ein høg treport som kunne låsast.

Når eg som smågut leika på framplassen, hadde mor for å vere på den trygge sida bunde att porten ut mot fortauet, slik at eg ikkje skulle forville meg ut i køyrebana. Framplassen fungerte på den måten som ei gigantisk utandørs leikegrind. Det aller første minnet eg har frå barndommen må vere ein episode då eg stod ved porten og ein vaksen forbipasserande stoppa opp og spurte:

”Hvor gammel er du, da?”

”Tre år». - Kanskje eg var litt stolt då jeg sa det.

To nestenulykker

Korleis det har seg at eg etter meir enn 70 år hugsar ein slik daglegdags ting, kan eg ikkje forklare. Då er det meir forståeleg at eg den dag i dag ikkje har gløymt to oppskakande hendingar då eg var omkring 5 år.

Den første episoden skjedde om vinteren. Alle barn er glade i snøen. Eg hadde fått ein liten trekjelke som var flittig i bruk når det hadde falle nysnø, og kommunens folk ikkje hadde røkke å sandstrø i gatene og dermed øydeleggje gliden for akarane. Eg hadde starta aketuren frå huset vårt og glei lystig av garde ned mot krysset Prof. Keyzers gate/Fosswinckels gate. Akkurat då kom ein bil ned Prof. Keyzers gate. Sjøføren bråbremsa då eg ikkje var langt frå hjula. Sjøføren kom forskrekka ut og må nok ha blitt svært letta då han såg at han ikkje hadde køyrt på meg. Eg vart naturleg nok redd, og som alle skremde småbarn, sette eg i å belje. Mannen var snill og spurte kor eg budde. Så tok han meg ved handa og leide meg det korte stykket heim til mor, mens eg snufsande drog kjelken etter meg. - Eg trur nok eg lærte å vere forsiktig sidan.

Den andre hendinga står like levande føre meg som om den skulle ha skjedd i går: Ein dag var eg saman med ein jamaldring i Muséhagen, som ligg mellom Olaf Ryes vei og Muséplassen, ikkje langt heimanfrå.

Då vi stod ved eit av bassenga, der det voks nøkkeroser og andre vassplantar, visste eg ikkje ordet av det før

«Bamse» (som han blei kalla), skubba til meg i ryggen slik at eg hamna i vatnet. Så sprang han sin veg og overlét meg til min skjebne. Eg vart som nomen av skrekk, men til all lykke flaut eg på kledda og hadde vett nok til å sparke meg inn til bassengkanten og klyve opp. Drivande våt og smågrinande skunda eg meg heim til mor og tryggleiken. - Sidan har eg undra meg på kva det var som dreiv «Bamse» til dette, som for meg kunne ha gått hivande gale, for bassenget var djupt for ein småkar på fem.

Fru Brekke

Frå farfars og farmors dagar og oppover budde det leige-buarar hos oss for lengre eller kortare tid. Marta Olava Brekke (gift med Gerhard Johan), flytte inn nokre år før eg vart fødd. Om dette hjartans gode mennesket har eg framleis eit og anna svakt minne.

Både Kåre og eg hadde dei vanlege barnesjukdomane vasskoppar, kikhoste, meslingar, raude hundar og kuma. For ein liten tass er det ikkje akkurat morosamt når slike sjukdomar gjer seg utslag. Plagene, i tillegg til den høge feberan, gjorde meg engsteleg, og då var fru Brekke god å ha. Mor, som visste kor godt lag fru Brekke hadde med barn, bad henne ned frå kvisten, og så sette ho seg ved senga mi. Med sitt rolege, tillitvekkjande vesen hadde ho ein vedunderleg trøystande verknad på meg. For meg er fru Brekke enno i dag idealbiletet på korleis ei god bestemor skal vere.



Barnehagen ved Johanneskirken før Møhlenpris paviljongskole vart bygd. Foto: Bergens Tidende, 7.2.2012. Dessverre har eg ikkje bilete frå barnehagen slik den var i mi tid. I staden får eg prøve å skildre den i ord.

Barndommens rike

I tilbakeblikk kjem Nygårdshøyden i Bergen føre meg som ein nær fullkommen stad å vekse opp for oss barn.

Nokså uforstyrra kunne vi drive med mange spel og leikar: slåball, fotball, kanonball, gøymespel, katterpinn, hoppe bukk, «Politi og røver», «Inntil vegg», «En gang an-i», «Kjempe», «Blydunk», «Kappe land», «Elle melle», «Gi et lite vink», og mykje meir. Ballspel i gata var ikkje populært hos huseigarane, for det hende at ballen gjekk gjennom ei rute. Men dette vart nesten alltid skværa opp, for det var ei ståande avtale mellom gutane at «dinglaren betaler».

Heile Nygård var vårt doméne. Her

skal eg nemne dei stadane eg hugsar best:

Plassen foran Muséet. Dit marsjerte 'buekorpset' Nygårds bataljon (stifta 14.6.1857) som avslutning på eksersisen på «Småleken» på Møhlenpris. I tankane er det som om eg enno kan høyre trommene og sjå føre meg dei stramme soldatane med gevær på aksla i taktfast framrykking over brusteinane - følgt av «rævediltarar» i alle aldrar. Marsjen gjekk frå Thor Möhlens gate, via Wolffs gate og Olaf Ryes vei til Muséplassen. Som siste post på avslutningsprogrammet her utførte faneberaren den høgtidelege seremonien «Parade for fanen».

Her står også statuen av stortingspresi-



Nygårdsparken i Bergen. Foto fra januar 2009. Fotograf: Sveter.

dent Christie, særleg kjent for sin viktige innsats i 1814. Ved sokkelen ligg «Løven». Alle barn på Nygård har kravla opp og frydefullt ridd på dette praktfulle dyret i stein.

‘Christiestøtten’ og ‘Løven’ på Musé-plass. Christie er skulpturert av bilethoggar Christopher Borch, og bilethoggar professor Wilhelm Rasmussen er meister for den snerrande granittløva.

Barnehagen ved Johanneskirken før Møhlenpris paviljongskole vart bygd. Foto: Bergens Tidende, 7.2.2012. Dessverre har eg ikkje bilete frå barnehagen slik den var i mi tid. I staden får eg prøve å skildre den i ord.

Sydnesplassen. Like sør for Johan-

neskirken låg ein utebarnehage som eg i nostalgisk tilbakeblikk held for å vere den trivelegaste av alle barnehagar vi kjende til. Det rektangulære arealet var ein intim og freda plett, avgrensa av nettinggjerdje og hekk på alle fire sider, med to portar – ein mot sør og ein mot vest. Her var sandkassar og leikeapparat som inviterte til både moro og fysisk trening. På benkene kunne mødrene sitje med eit handarbeid mellom hendene, stundom i prat med ei anna mor, mens dei heldt auge med sine håpefulle. Ein god ting som skjedde mange år etter at eg leika i sandkassen med bøtte og spade, er at det vart sett opp eit lite hus, der barna fekk hjelp av «tante» Gurli Ripple til vask og stell, og når det var lunsjpause. Eller dei kunne ty inn der når byer med kraftig vind eller nedbør kom på.



Nygårdsåparken i haustfargar. Foto frå Wikimedia, Fotograf: Smtunli, Svein-Magne Tunli - http://www.tunliweb.no/SM/English/sm_eng.htm - Eget verk, CC BY-SA 3.0, <https://commons.wikimedia.org/w/index.php?curid=6200980>

Drifta tok slutt etter at Gurli blei pensjonist, og barnehagen vart eit lokalhistorisk minne. Møhlenpris paviljongskole, som kom opp på tomta i staden, spolerer det parkpreget dei næraste omgjevnadene hadde før (biletet nedanfor). Eg gremjest.

Muséhagen. Dette anlegget frå 1897 er eit eldorado for botanisk interesserte, men var ikkje ein stad der barn kunne fylgje sine naturlege lyster: klatre i trea og springe omkring på plenane. Likevel var vi barn hyppige gjester også her. I vår tid var ein vaktmann tilsett for å passe på at ingen gjorde det dei ikkje burde. Han hadde hue med skygge og «gullstripe» og var ein eldre mann, kanskje pensjonist, som hadde

jobben som «attåtinnpekt». Den vaktmannen eg hugsar, var nokså dårleg til beins og gjekk med stav. Men når han fekk auge på gutar som dreiv med noko «ureglementært», hytta han til dei med staven og rykte fram mot dei med høgt turtal på undersåttane. Då skal eg seie dei forsvann fort! - No er det visst ingen vaktmann lenger som patruljerer i hagen, og planenane kan fritt nyttast av både soltilbedarar og studentar som les til eksamen i godvêret.

Nygårdsparken er ved sida av Muséhagen bydelens perle når det gjeld uteareal. Den er på 74,2 dekar og ligg på høgdedraget mellom Nygård og Møhlenpris. Initiativtakarar var legane Joachim Georg Wiesener (1843-1888) og

«Morgendemring». Bror min, Kåre. Foto: Einar, 1989.

Klaus Hansen (1844-1914). Parken, som er anlagt med den engelske landskapsstilen som mønster, vart opna i 1885.

Nygårdsparken inviterer med sine mange trivelege spaservegar til avslappa trim, og dei to store dammane for svaner og ender oppe og nede er ein fryd for augo. Det er også dei tre vakre smijernsbruene ved den nedre dammen, den praktfulle fontena og dei tre skulpturane av to kjende norske bilethoggarar.



Varmekjære lauvtre som alm, bøk og parklind har sær gode vekstforhold. Like eins rhododendron – ein svært populær prydbusk i Bergen

Nokre månader i 1898 vart ei omfattande internasjonal og poly-tematisk utstilling lagt til Nygårdsparken, og som del av sitt rekreasjonstilbod har dette friarealet gjennom åra vist seg å vere veileigna for mange teater-, konsert- og underhaldningsarrangement i friluft.

Dessverre har den øvre delen av parken i årevis vore sterkt prega av at narkomane hadde sitt tilhald der. Men no har kommunen omsider fått kontroll med problemet og kan gje parken tilbake den funksjonen som J.G. Wiesener og Klaus Hansen hadde tenkt den skulle ha.

Då bror min og eg voks opp, var det trygt å ferdast i Nygårdsparken til alle tider, sjølv om natta, om så skulle vere. Det «farlegaste» vi kunne komme ut for, var ein og annan «fullemann», men ingen av desse søner av Bakkus sjener-

te oss barn. Det var heller barna som sjenerte *dei*. Straks det ryktest at «Finnemann» (alias Finn Olavsens, 1885-1968) eller ein annan av flaskens laugsbrøder hadde dukka opp i parken, gjekk nyhendet som eld i tørt gras til alle barn som var i nærleiken, og så blei den uheldige begersvingaren terga, i håp om at han skulle bli sinna og springe etter dei.

Nygårdsparken har ikkje det noko dystre preget som Nordnesparken eller Christieparken, men er lys og vennleg. Den er heller ikkje paddeflat som Byparken, men er karakterisert av nivå-skilnader. Flate parti vekslar med bratte. Her er romslege plenar, og tette buskplantningar som var perfekte skjulestadar når vi leika for eksempel «Politi og røver». Her sneik vi oss omkring med pil og boge eller knallpistol og levde opp att scener med Robin Hood, Hopalong Cassidy og Hjortefot, som vi hadde sett på kino. Vi hadde også eit spesielt klatretre. Dette var som skapt til føremålet, med vass-



Fontena i Nygårdsparken ein gong i 1950-åra. Foto: H. Øvrebø.

rette, sterke greiner like til topps. Herifrå hadde vi utsikt vidt utover.

Når vi streifa om i parken, kunne vi alltid rekne med å oppleve noko nytt etter som årstidene veksla. I sommarhalvåret kunne vi sjå på svanene og stökkendene som heldt til i dammane oppe og nede i parken. Vi kunne gle oss over vakre blomar som voks overalt, både ville og planta. Om våren var plenane oversådde med karsar og smørblomar. Om hausten låg det eit tett lag med visne blad her i staden. Det var moro å vasse omkring i alt dette mjuke eller sope saman ein passelig dunge som vi kunne stupe ned i under latter og glade hyl.

Bror min hadde tidleg fått seg trehjuls sykkel, og vegane i parken var fine å sykle på. Sidan eg var fem år eldre,

var eg alltid med han så lenge han var liten. Han sat på setet, og eg stod bak han på akselen og styrte, og når vi kom til ein bratt unnabakke, sette vi i veg nedover så luftdraget visla om øyro på oss.

Om vinteren låg Langedammen oppe i parken og Svanedammen nede tilfrosen og baud fram fine skøyteforhold. I tillegg vart «Møllaren» (Møhlenpris idrettsplass) og Festplassen sprøyta når ein kuldeperiode sette inn. Lekekameratane mine var flinke på skøyter, men eg må litt skamfull tilstå at eg ikkje klarte å pumpe opp nok engasjement til å lære meg kunsten.

Det var også mogleg å drive litt skisport i Nygårdsparken, men like lite som eg la vinn på å bli flink på skøyter, lærte eg å stå på ski. Dét skjedde først

i vaksen alder, då eg var blitt lærarsko-
lestudent.

Aking var gøy - ein ukomplisert aktivi-
tet, som skapt for alle av låg alder. På
den tida eg fortel om her, var ikkje det
moderne plastakebrettet funne opp. Vi
brukte andre kjelketypar i ulike stor-
leikar og konstruksjonar i staden. Før
var det berre foreldre med veslebarnet
føre seg på kjelken som aka. Men i dag
torer mange spreke vaksne under femti
seg frimodig *til*, sit seg på akebrettet
sitt med ratt og handbremse og let det
stå til utfor bratte og lange bakkar på
byfjellet Fløyen, mens dei frydar seg
over farten, slik dei gjorde i den tida
dei ikkje hadde skjegg på haka eller
gjekk med sløyfe i håret.

Eg hadde etter kvart vakse frå småkjel-
ken og hadde fått rattkjelke som dei
andre gutane på min alder. Eit popu-
lært utgangspunkt for ein aketur var det
høgste punktet i Nygårdsparken,
«Skillingsbollen». Derfrå bar det i god
fart ned i Parkveien, der vi svinga inn i
Hans Holmboes gate. Akkurat her var
gata flat til krysset ved Harald Hårfag-
res gate, så dit måtte vi sparke oss
fram. Men så blei det bakke igjen, og
«for fulle mugger» nådde vi hjørnet
ved Allégaten og dreidde skarpt til
venstre. Så hadde vi god glid til
Fosswinckels gate, der det igjen var
flatt, men framdrifta heldt seg likevel
heilt til Christies gate.


Nygårdsparken var sjølvstekt heilt fri
for biltrafikk. Ikkje eingong tohjuling-
ar fekk innpass her i vår tid, berre bar-
nevogner og trehjuls sykklar. Overalt
var det sett ut benker, som sikkert ikkje
minst dei eldre brukarane av parken
sette pris på etter ein spasertur. Eg
hugsar spesielt ein av desse eldre: Kon-
sul Francis Konow, som budde i Store

Parkvei 34, berre nokre få meter
bortanfor ein av portane til parken. Eg
kan ikkje i dag seie korleis det gjekk til
at han blei merksam på meg og visste
namnet mitt, men eg ser han enno tyde-
lig for meg i tankane. Han gjekk litt
lut, med korte steg og brukte stakk.
Han var i følge med kona si, og når han
møtte meg og kameratane mine, stogga
han alltid opp og sa: «God dag, er det
ikkje Einar?» Og så sa han nokre venn-
lige ord før han fortsette vidare på sin
rolege vandring.

Eg synest ikkje eg kan avslutte avsnit-
tet om Nygårdsparken utan først å
nemne dei kunstverka som har fått sin
plass her. Vi smågutar hadde sjølvstekt
ikkje den ringaste forstand på kunst,
men desse skulpturane appellerte til oss
ved sin figurativt lettfattelege realisme.

Øvst oppe i parken, ganske nær Lange-
dammen, står «Nygårdsgutten» i stram
givakt. Skulpturen er laga av bi-
lethoggar Sofus Madsen (1881-1977)
og er eit minnesmerke over dei tretten
nygårdsgutane som fall under den
andre verdskrigen. «Nygårdsgutten»
blei avslørt på korpsets 90-årsdag 18.
april 1947. Kan hende var eg der og
såg på, men det har eg ikkje noko sik-
kert minne om.

På en liten, sirkulær plass eit stykke
nedanfor dette minnesmerket står fonte-
na med Emanuel Vigeland's skulptur
«Jomfruen og Enhjørningen». Bas-
senget rundt postamentet er ovalforma,
senka og innvendig kledd med gullmo-
saikk. Ei knelende kvinne trykkjer seg
inntil ein einhyrning med hovudet mot
dyrehalsen. Hendene ligg oppå fabel-
dyrets rygg, som ho kjærleg vil til å
stryke over. Langs bassengkanten er
det plassert seks mindre fabeldyr. Av
desse spruter fem vatn, og eitt er avløp



Nygårdsgutten, avduka 1947 som minnesmerke over falne medlemmar av Nygaards Bataljon, reist til 90-årsjubileet til bataljonen. Gåve frå Eldre Nygaardsgutters Forening.

sin plass. Den står der to vegar kryssar kvarandre. Ei kvinne sit på ein stilisert bølge og held armene krosslagde over augo for å skjerme seg mot lyset. Skulpturen vart til i 1918 og fekk sin noverande plassering i byrjinga av 1930-åra. Når plantninga med blomar og svære rhododendronbuskar står i fullt flor, blir kunstverket frapperande vakkert, sjølv for eit kunst-ukunnig barneblikk.

Den store fontena like ved Svanedammen reknar vel dei fleste for Nygårdsparkens største prydd. Den var ei gåve frå ein av byens mange mesénar, konsul Christian Børs, i høve opninga av parken i 1885. (Pga. forfall blei den demontert i 1960-åra, og ein ny, støypt i aluminium, kom på plass til 100-årsjubileet.) Den gamle fontena – den eg hugsar - var eit fascinerande syn, men likevel noko vi som barn berre kunne betrakte på avstand.

Bassenget kring fontena kunne vi derimot *bruke*, først og fremst til å leike med båtane våre i – frå primitive «farkostar» med eller utan strikkmotor, til forseggjorte seglbåtar, som anten var laga av ein nevenyttig gut eller vaksen i familien eller kjøpt i butikk. Bassenget gjekk under namnet «Rundingen», etter den sirkelrunde bassengkanten i stein.

Eit anna barnevennleg innslag i parkens nedre del var barnehagen straks innafor porten ved Welhavens gate. Vi var her av og til, men for mine kamrater og meg låg Barnehagen med stor B ved Johanneskirken.

for vatn.

Jomfruen og Enhjørningen

På plassen med fontena var der benker på høgre og venstre side og ein drikkefontene som blei flittig nytta av både vaksne og barn på varme sommar dagar. Ein sann idyll. Dette var mors favorittstad å sitje med strikketøyet sitt, mens gutane hennar leika eller pusla med noko omkrin

I nedre del av parken, like nord for Svanedammen, har eit av hovudverka til Sofus Madsen, «Morgendemring»,

Leikekameratar

Den første eg vart kjend med av desse var Edvin. Han budde i Allégaten, nokre få hus ovanfor oss, og får stå som samnemnar for dei andre som kom til seinare.

Eg hugsar ikkje lenger akkurat *når* vi blei venner, men trur det må ha vore på den tida eg begynte på skolen, 1945. Vi var saman så å seie kvar dag i mange år. Eg brukte å banke på for å høyre om Edvin var heime, eller vi hadde et avtalt plystresignal:



Når vêret var «kontrari», var vi ofte inne hos kvarandre.

Edvin var favorisert ved å ha ei «tante» (eg. bestefarens kusine) som dreiv ein assortert kolonialbutikk. Eg seier «favorisert», for eg trur bestemt at når Edvin var innom butikken, fekk han av og til «prøvesmake» noko av 'lekkeriene' hennar. Ja, for alle barn er jo godtesjuka - då som no. Forskjellen er at den gongen fekk vi noko for småskillingane våre. Gjekk vi innom snopebutikkane «Peik» i Nygårdsgaten 29 eller «Alliance» i Nygårdsgaten 1, kunne vi leggje femøringen vår på disken og spørje: «Ka kan eg få for dén?» Og min santen: Dama putta fleire karamellar eller drops ned i ein liten spisspose til oss!

I Herman Foss' gate 12 – rett imot huset vårt – låg «Allehjørnet». Innehavaren, Einar A. Drageset(h) (1892-1963), selde brød og kaker i tillegg til vanlege kolonialartiklar. Straks varebilen til Baker Brun hadde levert da-



gens bestilling, var Edvin og eg på pletten, og for nokre øre kjøpte vi kvar vår rykande ferske skillingsbolle eller franskbrød. Sistnemnde var Edvins favoritt. Med en finger bora han seg gjennom skorpen for å komme til den mjuke «innmaten» – 'krummen'. O salighet! - Baker Bruns lekke brødkaker fekk vi den gongen for 5 øre. I dag kostar ein skillingsbolle minst 12 kr, trur eg, og ei brødkake omtrent like mykje. Det var det same som Edvins bestefar betalte i husleige per måned for eit familiehusvære i 1910!

Edvins far åtte motorbåt og var medlem av «Neptun» motorbåtklubb, som heldt til i Møhlendalsveien 12, ved Store Lungegårdsvann. Når det var vårpuss, dreiv han og andre båteigarar og putla med båtane sine innafor det høge plankegerdet, der eit skilt forkynte at uvedkommande ikkje hadde

*Utsnitt av jentedelen
av skoleplassen med
Sofus Madsens
skulptur
«Fontenegutt».
Foto: Atelier K.
Knudsen.*

tilgjenge. Edvin og eg pla så mang ein gong kikke inn på aktiviteten der inne gjennom spalter i gjerdet. Kjøpet av motorbåt gjorde familien uavhengig av andre framkomstmiddel når dei fekk lyst å dra på kortare eller lengre turar. Det var mens dei oppheldt seg på Moster i Sunnhordland ein sommar, at eg «forfatta» mitt aller første brev, som svar på eit Edvin hadde sendt til meg då eg var i Naustdal. Det var ikkje lenge sidan vi begge hadde lært skrivekunsten. Eg hugsar at eg ikkje klarte

å finne på noko å seie, så eg berre parafraserte litt over det Edvin hadde skrive. Det tykte han ikkje var stas, så i neste brev kommenterte han: «Du må ikkje skrive det samme!» – Når eg tenker på det hav av brev eg har måtta skrive sidan, er det snodig å minnast kor klosset og fantasilaus eg var i starten.

At barn opplever ting veldig spontant og intenst, er vel ei erfaring som alle kan underskrive på. Eg hugsar for eksempel at etter at Edvin og eg som smågutar hadde vore skilde frå kvar-



andre i fleire veker i sommarferien, måtte eg beint fram gjere eit hopp av glede då eg endeleg såg han igjen. Men som vi veit: Vi skal ikkje ha fått mange nye år på baken før spontaniteten døyr, og vanens nivellerande krefter får taket på oss.

Eg var nett inne på den verdi pengar hadde før og no. I våre guttedagar hadde sjølv ein femøre kjøpekraft, som eg sa. Men eg tek kanskje ikkje mykje feil når eg gissar på at mang ein smågut eller småjente, i dei næraste åra før femtioringen vart avskaffa, ikkje ville



Lærarpersonalet ved Nygård skole på 1950-talet. Eg nemner dei lærarane eg hadde eller hugsar, frå venstre.

1. rekkje. Nr. 5: Overlærer Per Maurseth. Nr. 6: Oddny Høieggen. Nr. 7: Jussi Pihl. Nr. 8: Laura Møvik.

2. rekkje. Nr. 5: Tordis Høsteng.

3. rekkje. Nr. 2: Johannes Gjesdal.

4. rekkje. Martin A.E. Andersen. Nr. 2: Otto Fredrik Hansen. Nr. 3: Trygve Høsteng. Nr. 5: Per Foss. Nr. 7: Sverre Rosæther.

brydd seg med å ta den opp om den hadde gloppe dei or handa. «Æsj, den får eg ikkje nokke for likevell!» Men med femti øre i lomma hadde ein den gongen nesten den kapital som skulle til for å kjøpe seg ein kinobillett. Ja, for det å gå på kino, det var «kult», det! Lenge før barneframsyningane i Eldorado, Logen, Ole Bull, Forum og Fana-hallen skulle begynne, stod kjempe-lange billettøkar på fortauet utanfor.

Og når vi så endeleg fekk sleppe inn i kinolokalet, og det blei mørkt før film-en skulle starte, var det ein veritabel orkan av eksaltert plystring å høyre frå alle kantar. For no skulle vi få møte våre idol, som for eksempel Tarzan, Hopalong Cassidy og Robin Hood, og gapskratte over merittane til Chaplin, Helan og Halvan, og Telegrafstolpen og Tilhenger'n – for å nemne nokre.

Ungar er av naturen nyfikne og likar å



Skolens inngangsparti. Arkitekt og amatørfotograf Olai Schumann Olsen kan ha teke dette biletet om lag på den tid eg vart fødd – 1939.

farte rundt på oppdagarferd. Ein sjeldan gong kunne slike «ekspedisjonar» føre til at Edvin eller eg kom heim med riven pels, som den gongen forviten-skap leia oss inn på ein kommunal anleggstomt på Møhlenpris. Der stod det ein stubbebrytar som arbeidarane brukte. Vi tenkte det kunne vere moro å heise opp ein stor stein som låg der. Men så gjekk det dessverre slik at stubbebrytaren tok overbalanse, og Edvin blei treft i hovudet. Han sette i eit vræl av smerte og blødde mykje. Mens han heile tida hylskreik, følgde eg han heim. Venteleg tok mora han med til 'Legevakten' i Allehelgens gate, men støkken var nok større enn skaden.

Edvin, ein annan leikekamerat (Magnus) og eg utgjorde eit stabilt «triumvirat» heilt til eg var blitt elev på

realskolen. Då slutta eg gradvis å vere i lag med dei. Barndommens magiske tid var over, og i dei neste åra fekk eg andre kameratar.

Folkeskuletida

Barn og ungdom som voks opp på Nygård i mi tid hadde tilgang til eit variert skoletilbod innan bydelens grenser. Her var folkeskole, framhaldsskole, realskole, gymnasia, handelshøgskole, lærarskole og musikkonservatorium.

NYGÅRD SKOLE, Lars Hilles gate 3, blei oppført 1921-24 (ark. Kaspar Hassel, 1877-1962) og var folkeskole (1.-7. klasse) til 1960.

Det er eit prektig skoleanlegg, både når ein ser det utanfrå og innanfrå. Byg-

ningen vart freda 1992 som eit eksempel på mellomkrigsåras skolearkitektur.

Når vi kom inn skoleporten, kunne vi la blikket kvile på ei vakker fontene av Sofus Madsen. Den kom på plass i 1927. På ein stein står ein naken gut i bronse som held hendene fram, samla til ei skål. Han bøyer knea og luter seg litt framover for å fange opp vatn frå ein vasstråle. Strålen sprutar opp av munnen til ei velvaksa padde i bronse som sit på bakbeina nede i bassenget. Fontena og ein stripe plantningar bak sistnemnde flankert av eit grønmåla «fotgjerde» - markerte i mi skoletid skiljet mellom jentedelen (til venstre) og gutedelen (til høgre) av skoleplassen.

Den kunstnarlege utsmykkinga i oppgangane med motiv frå Bergen er utført 1929 av Nils Krantz (1886-1954).

Eg begynte på Nygård skole hausten 1945, seks år gammal, berre få månader etter freden. Mor hadde undervist meg i lesing, skrivning og rekning heime, og eg hadde både ABC-bok og kuleramme. Men no skulle eg få lære meir.



Klassestyraren vår i klasse 1cg var *Tordis Høsteng* (1901-1975). I andre klasse, 2cg, overtok *Oddny Høieggen* (1906-2007).

Både Tordis og Oddny var sympatiske menneske og dyktige pedagogar. Begge var gifte med lærarar på skolen, Trygve Høsteng (1900-1975) og Ole Gabriel Høieggen (1904-1984). Høieggens og overlærarfamilien Maurseth budde i eit tilbygg til skolen, med inngang både frå John Lunds gate og direkte frå guteplassen via ei høg steintrapp. Om skolevegen min var kort, var klassekamerat Dag Høieggens desidert den kortaste!

I 3cg fekk vi mannleg lærar. Vi var blitt «store» gutar og hørde frå no av til på guteplassen, ikkje jenteplassen som hittil.

Læraren heitte *Fredrik Johan Varland* og var frå Rogaland, (født 30. 4. 1899 i Vestly, Strand kommune). Han hadde ei



Fredrik Johan Varland uvanleg vakker handskrift og var sikkert flink til å undervise. Men det minnet eg enno har om han, er at han var ein hissigpropp. Når han vart sinna på ein

Den klassiske skolepulten frå cirka 1900. Enno i 1950-åra sat ein stor del av elevane i bergensskolen ved slike. Det gjorde bror min og eg òg. Foto: Bergen bys historie IV s. 884.



Lærer Gjesdal her inspeksjon ved porten på Nygård skole i eit friminutt skoleåret 1956-57. Det er kaldt i været, så bildet blei tatt om hausten eller våren, «smugfotografert» av ein elev i klasse 7ag, Otto K., mens han skjulte seg mellom beina på klassekameratar. Kjell N., Helge M. og Helge N. skulle passe på at G. ikkje merka noko. - Rart kva elevar kan finne på som krydder i skolekvardagen! (Foto frå Bergen Fotomuseum, ved Otto Kaufmann.)

elev i timen, fauk han opp frå kateteret og viste syndaren på gangen. For å hjelpe på farten, gav han eleven eit spark i bakenden med sin spisse sko: «Ut med deg – UT !!»

Det var ikkje lenge vi hadde Varland, berre eit halvt år. *Sverre Rosæther* (1919-2006) overtok klassen, 4cg, frå nyttår 1949. Han var klassestyraren vår ut resten av folkeskoletida.


I 5. klasse underviste jølstringen *Johannes Fluge Gjesdal* (1893-1969) oss i historie og naturfag. Gjesdal var velutdanna og allsidig orientert. Han var

flink til å fortelje og gjorde historiske personar og hendingar levande for oss. Men ikkje noko av dette har festa seg i minnet. Eg hugsar berre at han i ein time, då emnet var norsk mellomalderhistorie, song riddarvisa om Dalebu Jonsson for oss. Han kunne heile den lange folkevisa utanboks, og det imponerte meg. Første verset lyder:

Dalebubold hadde ei festarmøy bold,

Den heve han tekji med jønn og med stål.

- *Kjenner du Dalebu Jonsson?*



Sverre Rosæther

Ved eit høve fortalde Rosæther oss at ein dag kom Gjesdal i ein liten dispuTT med vaktmester Hans Petter Smith (1883-1970). Samtalen gav Smith attslik: - Gjesdalen seier te meg: «Jeg tror du begynner å bli gammel nå, Smith.» Men eg trur heller det e *han* så begynner te ble gammal. Hon seier dét te meg, madammen: «Eg må beundre deg,» seier hon. «Du kan jo balansere på itt bein mens du drar på deg de lange underbuksene. Eg lurar verkeli' på om Gjesdalen greiar dét, eg!»

Lærar *Bjarne G. Kirkebø* (1898-1991) hadde vi i rekning og kroppøving i 3. og 4. klasse. Av utsjånad var han raudleitt og breivaksen, og han hadde som regel eit heller uvennleg ansiktsut-

trykk. Eg tvilar på om han hadde humoristisk sans, iallfall såg vi han aldri smile eller le. I gymnastikktimeane tedde han seg på lag som ein kommandersersjant av den gamle skolen. Når han brølte «OPPSTILLING!!», for eksempel, måtte alle skosnuter stå på nøyaktig rett linje frå første til siste mann. Han gjekk langs rekka og gav den som ikkje stod «rett», ein dult i brystet med knyttneven. Fri leik og improviserte innslag gav Kyrkjebø aldri høve til. Slikt var vel for laussloپne aktivitetar for ein lærar som ville halde alle trådar fast i si hand: «Ordnung muss sein». For oss var det derfor ein kjærkommen overgang då Rosæther frå 5. klasse overtok gymnastikktimeane sjølv. Lærar Kirkebø

hissige temperament manifesterte seg ofte, som den gongen han i ein reknetime vart så arg på klassekamerat Asbjørn at han gav han eit durabeleg slag over hofta med den store tavlelinjalen. Asbjørn stod like traust, han, men linjalen rauk sund.

Sverre Lyder Rosæther var flink sløyd-lærar. Den første oppgåva han gav oss, var å lage ein blomsterpinne. Eg syntest eg fekk den godt til, fin og jamn, og stolt kunne eg overrekkje den til mor. Sidan vart det mange andre produkt - frå katterpinn, nyklebrett og skopussekasse til bokhylle og seglbåt. Seglbåtutgåva til Rolf fekk både læraren og oss andre til å dra på smilet. Rosæther sa muntert: «En flott modell

av en kinesisk djunke du har fått til der, Rolf!» - Slik uskyldig erting tolte Rolf godt og vart ikkje det spor «ærekrenkt».

Rosæther var overlag nøye og meto- disk i si sløydundervising. Når for eksempel ei skjereføl skulle lagast, måtte arbeidsoperasjonane avløyse kvarandre i ei bestemt rekkefølge. Han kravde av oss at vi skulle vere nøyaktige og ikkje gie oss før dei estetiske krava var oppfylte, så langt vi makta det. Ikkje rart av klassen i all jovialitet kalla han for «Millimeteren» seg imellom.

Attåt sløyd var det to fag eg likte godt: rekning og engelsk. Det var ei handfull gitar i klassen som var spesielt raske i rekning. Eg hadde «æra» av å vere ein av dei. I reknetimane skulle svara på oppgåvene vi hadde fått i heimleikse, kontrollerast. Det gjekk slik føre seg at kvar einskild elev las opp svaret sitt på eit reknestykke. Neste elev heldt fram, og slik gjekk det vidare, frå pult til pult til alle svar var opplesne. Den som hadde rekna feil, fekk hjelp. Vi i «racer-gjengen» låg både ei og to fulle kladdebøker føre dei som heldt seg til normaltempoet.

Engelsk tykte eg frå første stund var eit spennande fag. Eg minnest det var stor stas då eg så smått begynte å meistre språket på eit elementært nivå. Då eg var komen noko lenger, skaffa eg meg Damms lommeordbok, og i kioskane på Torgallmenningen kjøpte eg regelmessig amerikanske teikneseriehefte på originalspråket. Dette gjorde sikkert sitt til at engelskarakterane vart gode.

Êi hending kjem eg aldri til å gløyme: Ein dag hadde Rosæther teke klassen

med på skøytetur til Tveitevannet, som ligg eit stykke ovafor den gamle kommunegrensa mellom Fana og Bergen. Som eg før har fortalt, korkje hadde eller kunne eg bruke skøyter, så eg måtte berre streife omkring på isen mens dei andre suste av stad i meir eller mindre vellykka «hjallisstil». Då eg stod ved ein liten holme, visste eg ikkje ordet av det før ein stein kom sendande og trefte meg i ansiktet. Eg blødde sterkt og trudde først at auget var råka, så eg sette i eit fortvila rop: «Eg e blind!» Så galt var det gudskjelov ikkje, men hadde steinen treft ein eller to millimeter lenger oppe, ville eg truleg vore einøygd i dag. Dei andre kom til, og Rosæther fekk fatt i ein drosje, som køyrde meg til 'Legevakten' i byen. Ein klassekamerat var med i bilen, for Rosæther måtte ta seg av klassen. Eg veit ikkje kven det var som kasta steinen, og det same kan det vere. Eg kan ikkje tru at den som gjorde det, ville påføre meg skade med vilje.

Han blei sikkert forferda då han såg korleis det gjekk, og angra seg.

I alle år hadde Rosæther gleden av å bli hugsa av sine gamle elevar i 7cg. Kvar gong det var jubileumsfest, vart han beden som æresgjest, og kom. Berre den siste gongen, ved 50-årsjubileet i 2002, kunne han ikkje vere til stades, pga. helsesvikt. Han døydde 1. januar 2006, berre få månader før han ville fylt 87.

Overlærer på Nygård skole i vår tid var *Per N. M. Maurseth* (1891- 1979) kom frå Hornindal i Nordfjord, var medels høg, hadde buskete augnebryn og var gråhåra.

Av gemytt var han roleg og avbalan-



sert, slik ein forventar av ein skoleleiar. Han var respektert og avhalden av alle, alltid vennleg, og smilet var aldri langt borte.

Rosæther sa om han:

«Maurseth var en grei og hyggelig kar, og han var dessuten utdannet offiser. Når han 17. mai kom i flosshatt, kjole og hvitt og med lysegrå gamasjer, ja, da var han en flott representant for lærerstanden.»

Helsestellet på skolen var godt. Vedtaket om gratis «skolebespisning» hadde Bergen bystyre gjort i 1896 etter mønster frå Oslo. Det vart sett i kraft året etter. Elevane fekk både frukost og middag kvar vekedag. Ordninga galt for barn frå økonomisk vanskelegstilte familiar. Klassestyrarane vurderte kven som trong å komme inn under



«Etaren». Biletet er frå Nordnes skole.

Gross og gru! Denne tannlegestolen stod på tannklinikken ved Nygård skole. Vart sidan flytta til Bergen skolemuseum.

dette tilbudet. I byrjinga av 1930-åra blei middagsserveringa avvikla, og ein gjekk no over til den såkalla 'Oslo-frokosten'.

